

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014

**Tom Sverre Tomren** (MDG) sette fram slikt endringsforslag:

«Til pkt. 2 : Av omsyn til hekkande storlom (VU (sårbar)) må vasstanden i vatnet ikkje bli påverka av inngrepa. Ein må vere særskild merksam på at vasstanden er kritisk viktig i reirperioden frå ca. 15 mai til 1. juli.

Til pkt.7 : Fylkesutvalet er positive til Statkraft sine planar under føresetnad av at punkta 1 – 6 er oppfylte.»

**Tom Sverre Tomren** (MDG) sette fram slikt protokollmerknad:

« MDG er grunnleggande skeptisk til dei energiøkonomiske aspekta ved etablering av pumpekraftverk. MDG er likevel innstilt på å stemme for eit revidert framlegg for å kunne forbetre rammene for det omsøkte prosjektet *Søknad om konsesjon for bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune* .»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.1 vart samrøystes vedteke.

Tomren sitt forslag til pkt. 2 vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 3, 4, 5, og 6 vart samrøystes vedteke.

Tomren sitt forslag til pkt.7 vart vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

### INNSTILLING

1. Arkeologisk registrering av areal knytt til Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla – Eidfjord må i medhald av lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 gjennomførast før Hordaland fylkeskommune kan gje fråsegn til planen. Undersøkningsplikta må vere oppfylt før ein kan gje konsesjon.
2. Av omsyn til hekkande storlom (VU (sårbar)) må vasstanden i vatnet ikkje bli påverka av inngrepa. Ein må vere særskild merksam på at vasstanden er kritisk viktig i reirperioden frå ca. 15 mai til 1. juli.
- 3 Statkraft må unngå forstyrring av hekkande dobbeltbekkasin (NT (nær trua)).
- 4 Våtmarksområdet nordaust for vatnet er eit nøkkelområde for ender og vadarar og må takast vare på.
- 5 Friluftslivkvalitetar i området skal ikkje svekkjast nemneverdig.
- 6 Statkraft sine eigne forslag til avbøtande tiltak er positive og nødvendige tiltak:
  - Minstevassføring
  - Støydempande tiltak
  - Miljøtilpassa byggeløysning:  
Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene.
  - Revegetering:

Ein må leggje vekt på ein god vegetasjonsetablering med eit landskapsmessig godt resultat. Revegeteringa skal, så langt mogeleg, ta utgangspunkt i stadeigen vegetasjon med gjenbruk av avdekningsmassar. Tilsåing utførast med frøblandingar frå stadeigne artar, dersom det er mogeleg.

- 7 Fylkesutvalet er positive til Statkraft sine planar under føresetnad av at punkta 1 – 6 er oppfylte.

**Protokollmerknad frå Tom Sverre Tomren (MDG):**

MDG er grunnleggande skeptisk til dei energiøkonomiske aspekta ved etablering av pumpekraftverk. MDG er likevel innstilt på å stemme for eit revidert framlegg for å kunne forbetre rammene for det omsøkte prosjektet *Søknad om konsesjon for bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune.*